



Det vart halde omframårs møte på Fitie 19/6 85 kl. 20,00.

Sak: Stadionbygg ved Osterøy Stadion.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste og Jørgen Varden vart derette valgt til ordstyrar.

Varden orienterte først om dei tidlegare planane for eit bygg til ca 2.000.000,00 der han hadde vore i kontakt med Osterøy Kommune og også med konsulent Seim frå Hordaland Idrettskrets. Seim meinte det var ingen god løysing med idretts- og symjehall ved håndballbana, mens det derimot var heilt idielt ved nordvestre enden av Stadion.

Form. la fram nye planer for eit stadionbygg på ca. 150 m<sup>2</sup> til ein pris av ca. 280.000,-. I dette bygget er det planlagt oppbyggd stemnekontor, samt salgsbod, og toaletter, likeeins vert det plass til lagring av alt utstyr til bana.

I debatten som fulgte var der semja om at Osterøy Idrottslag skulle eiga huset og låna det ut til dei andre brukarlaga slik som det no skjer med t.d. høgtalarutstyr.

Det framlagde forslag til vedtak vart samrøystes godkjent (21 røyster) med slik tilføyning:

Osterøy Idrottslag vil arbeida for at Osterøy Kommune tek kostnadene med drift og vedlikehald etter ein fast avtale.

Monrad Myking  
skrivar

Vend

# OSTERØY IDROTTSLAG

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 10. JUNI 1985.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK:

### 1. Stadionhus ved Osterøy Stadion.

Osterøy Idrottslag går inn for reising av eit stadionbygg på klubbhustomta ved Osterøy Stadion.

Planløyisinga skal ta sikte på å dekkja behov for

- stemnekontor
- lager for baneutstyr
- publikumstolett
- salgsbod

Idrottslaget vil stå som eigar av bygget og ha ansvar for drift og vedlikehald.

Prosjektering av bygget tek utgangspunkt i drøftingsutkastet som ligg føre til planløyising.

Finansiering av bygget vil bli søkt løyst ved

- tippemidlar
- kommunal løyving til kostnadene ved bygging av lager for baneutstyr
- inntekter frå reklame o.a. ved Osterøy Stadion
- dugadsinnsats
- kommunalt tilskot

Dersom finansiering av bygget vil krevja at idrottslaget skyt inn egne midlar utover inntekter som er knytt til Osterøy Stadion, vil finansieringsplanen bli lagt fram på eit seinare årsmøte.

Styret oppnemner byggjenemnd.

Styret tek opp til drøfting i kontaktutvalet korleis dei andre idrettslaga i kommunen skal koma inn som brukarar med rettar og plikter.

*Idrottslaget vil arbeida for at kommunen tek kostnadene med drift og vedlikehald eller ein fast avtale.*

### 2. Vidare arbeid med planar for klubbhus.

Styret arbeider vidare med plan for klubbhus og bør sjå dette i samanheng med planar for bygging av kommunal idrettshall og symjehall.